

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 10.02.2022

SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- INTERPELLASJON
- INNKJØP AV DIGITALT VERKTØY FOR HEILHEITLEG VERKSEMDSSTYRING
- NYTT ARKIVBYGG OG TILSLUTNING TIL DEPOTAVTALE – KOMMUNEARKIVORDNINGA I VESTLAND KO
- VURDERING – NY FARTSFORSKRIFT EIVINDVIK HAMN
- ÅRSRAPPORT FOR KOMMUNALT NÆRINGSFOND 2021 OG STRATEGIAR FOR 2022
- KONTROLLUTVAL. NYVAL FOR RESTEN AV PERIODEN 2019 - 2023
- REGLEMENT FOR FOLKEVALDE – OPPDATERING I PERIODEN 2019 – 2023
- SUPPLERINGSVAL. HOVUDUTVAL FOR OPPVEKST (HOP) 2019-2023

Stad og tid:
Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10.00

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordførar

Helsing frå ordføraren

Eg vil få ynskje dykk alle eit Godt Nyttår

For sjølv om inngangen til 2022 ikkje vart heilt slik vi hadde tenkt det, så får vi inderleg håpe at det er siste bølja av smitte som kjem inn over oss no, og at vi snart kan leve normalt att.



Vi kjenner alle på at vi no er trøtte av koronaen, og lengtar etter å få vere i lag att. Både dei som jobbar i kommunen og i det private næringslivet har stått på no i fleire år, og merkar alt ekstraarbeidet og usikkerheita. Sameleis alle born og unge som ikkje får ha det samværet som er normalt, og som dei unge treng. Eg ber dykk om å halde ut, me får tru det snart vert ein ende på dette no.

Men oppi alt dette, så har vi mange spennande ting på gang i kommunen: Vi held på med samfunnsplanen vår, der vi skal planlegge framtida for Gulen kommune, og korleis vi vil forme kommunen vår dei neste 10 åra. Dette er eit spennande arbeid som eg håpar mange av dykk vil ta del i. Vi tenkjer å ha møte i alle krunsane våre når vi kan samle folk att, og eg er veldig spent på det arbeidet.

Likeeins held vi på med arealplanen der vi planlegg areala våre og legg til rette for både næring og bustadbygging.

Byggefeltet på Ortneset er lagt ut, og vi har allereie fire tomter som er reserverte. Det er unge folk som vil bygge og bu i Brekke, noko som er veldig gledeleg.

Vi har i økonomiplanen sett av 10 mill. til bustader i søre del av kommunen. Der håpar vi at vi får interesse frå private som vil bygge med tilskot frå kommunen. I den delen av kommunen er det planar om mange arbeidsplassar, og det er viktig at vi legg forholda til rette slik at arbeidstakarane ynskjer å busetje seg her.

Så her er mykje positivt som skjer i kommunen vår. No får vi berre håpe at vi kjem tilbake til normale tilstandar så raskt som mogeleg.

Ta godt vare på dykk sjølve og kvarandre.

Hallvard Oppedal

Kunngjering - Førehandsvarsel

Ny lokal forskrift som regulerer fart for fritidsfartøy i Eivindvik

I tråd med forvaltningslova §37 vert det med dette kunngjort at Gulen kommune vurderer å vedta ny lokal forskrift som regulerer fart for fritidsfartøy i Eivindvik.

Bakgrunn

I ny forskrift om statlege fartsgrenser på sjøen gjeldande frå 1.1.2022 er det ikkje gitt egne fartsgrenser i Gulen.

Det inneber at lokal forskrift

<https://lovdata.no/forskrift/1979-11-12-3232> frå 1979 der det er regulert fart til sjøs i Eivindvik er oppheva.

Kommunen må no vurdere om det skal fastsettast ny lokal forskrift som då berre vil gjelde for fritidsfartøy. Meir informasjon og vurderingar i saka kan du lese på

kommunen si heimeside under *Innsyn, politikk og høyringar - Høyringar og kunngjeringar:*


<https://www.gulen.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/hoyringar-og-kunngjeringar/>

Du kan komme med uttale i saka. Uttalen må vere skriftleg og kan sendast til postmottak@gulen.kommune.no Eventuell uttale må vere kommunen i hende seinast 09.02.2022.

Informasjon til innbyggjarane i Gulen kommune i samband med at Covid-pandemien går mot ny smittetopp

Nedskalering av tenester til innbyggjarane i Gulen kommune

Nedskalering fører til at nivået i ei teneste eller i eit tenestetilbod vert redusert. Ofte kan nedskalering frigjere personell til andre meir presserande oppgåver. I samband med at Covid-pandemien går mot ein ny smittetopp har leiinga i kommunen no ein gjennomgang av ulike tenester, og ser på



eventuell nedskalering av tenester som har minst moglege konsekvensar for brukarane. Vi vurderer samstundes korleis personell eventuelt kan omdisponerast mellom tenester slik at vi sikrar leveransen av viktige tenester. Førebels er ingen tenester nedskalerte, men det kan verte aktuelt dersom sjukefråværet blant tilsette vert svært høgt.

Leiinga i kommune tenker det er viktig at innbyggjarane vert kjende med situasjonen, og vi vonar at innbyggjarane vil vise forståing for den krevjande situasjonen vi kan kome opp i.

Prioritering av tenester som gjeld liv og helse

Korleis pandemien vil råke Gulen kommune er svært usikkert, og vi arbeider no i desse dagar med planar for at situasjonen kan verte meir utfordrande. Vi skal sikre at vi kan oppretthalde tenester som gjeld liv og helse, og at nivået på andre tenester er på så høgt nivå som moglege.

Kommunen vil sikre god informasjon til dei av brukarane som eventuelt vil få eit redusert tenestetilbod.

Alle tilsette i kommunen syner stor innsatsvilje og strekkjer seg svært langt for å oppretthalde det ordinære tenestetilbodet.

Oppmoding til frivillige lag og organisasjonar

Med bakgrunn i informasjonen frå kommunen om eventuell nedskalering av tenester, vil vi kome med ei oppmoding til frivillige lag og organisasjonar om å melde seg til ulike oppgåver.

Slik vi vurderer situasjonen i dag kan aktuelle oppgåver verte:

- Hjelp til matlevering til eldre som bur heime
- Hjelp til å utføre praktiske oppgåver i heimar
- Hjelp til å handle på butikk
- Besøke eldre personar som treng nokon å snakke med

Dersom du kan vere interessert i å hjelpe til kan du kontakte Gulen kommune. Du vil få god rettleiing av tilsette før du tek på deg ei oppgåve.

Kontaktperson: Fagdirektør omsorg
Ingebjørg Søreide

ingebjorg.soreide@gulen.kommune.no

Telefon: 57782004

Informasjon frå Gulen kommune vedk. covid-19

Nasjonale retningslinjer endrar seg heile vegen, og kommunen informera ut om endringar via heimesida, facebook og tilsette.

Framover vert det endringar i retningslinene for testing, isolasjon, smittesporing og karantene. Oppdatert informasjon finn ein på heimesida til kommunen:

www.gulen.kommune.no

Støtteordningar for verksemder

Hald deg oppdatert om støtteordningar for verksemder i Gulen kommune på

www.gulen.kommune.no og www.regionalforvaltning.no

Gulen kommune forvaltar midlar som blir tildelt frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet for å avhjelpe situasjonen for lokalt næringsliv med økonomisk tap som følge av pandemien.

Tildelingane skal sikre likviditet i verksemder, og dempe dei økonomiske konsekvensane av covid-19 pandemien ved at verksemdene får dekkja dokumentert meirkostnader/tap som følge av smitteverntiltak og nedstengning.

Søknad om tilskot skal gjerast gjennom regionalforvaltning.no.

Departementet tildeler midlar i fleire rundar. Følg med på kommunen si heimeside og regionalforvaltning.no. Her blir det løpande lagt inn frist for å søke med dei vilkår som gjeld. Informasjonen blir oppdatert etterkvart som kommunen får informasjon frå Statlege myndigheiter.

Endringar på byggjesaksavdelinga

Byggjesakstenesta har hatt stor pågang over ein lang periode. Sjølv om det har vorte gjort ulike tiltak for å betre på situasjonen, har me framleis eit høgt tal saker som ligg til handsaming. For å sikre at dei søknadane som allereie har kome inn til kommunen vert handsama innan lovbestemt frist, ser vi oss nøydde til å endre rettleiingstenesta for saker som er under planlegging.

Framover vert det rettleiing kvar måndag, frå kl 10:00 – 15:00. Vi tek i denne tida imot telefonar og besøk, samt at vi svarer på rettleiings e-postar. Fredag 09:00 – 12:00 kan ein avtale lenger rettleiingsmøter og førehandskonferansar. Rettleiing ved fysisk oppmøte må bestillast på førehand gjennom den nye bestillingsløysinga vår. Denne finn du på heimesida under Plan, bygg og eigedom – Treng du hjelp?

Ved planlagde møter får sakshandsamarane høve til å førebu seg, og rettleiinga vert meir effektiv og av betre kvalitet for deg som treng hjelp. Vi tek difor ikkje lenger imot drop-inn besøk.

Kva kan vi hjelpe deg med?

- Generelle spørsmål om byggjesøknader, samt rettleiing
- Opplysingar om eigedomen din (t.d. grenser, storleik, naboliste osv)
- Opplysingar om eigedommen sin planstatus (kommuneplan, reguleringsplan, omsynssoner)
- Om du kan søkje sjølv
- Søknadsskjema

Kva kan vi ikkje hjelpe deg med?

- Teikningar
- Prosjektere
- Fylle ut søknaden din
- Hjelp deg med å ferdigstille søknaden din.

Dersom du ynskjer at nokon skal sjekke kvaliteten på søknaden eller hjelpe til å ferdigstille søknaden, må du kontakte fagfolk. Dersom du syns heile søknadsprosessen er vanskeleg, vil vi anbefale deg å kontakte eit ansvarleg føretak som kan hjelpe deg med dette. Dette er fordi kommunen ikkje kan handsame søknader som vi sjølv har bidrege med å fylle ut. Vi kan derimot forklare kva slags informasjon som vert etterspurt i søknadsblankettane.

Har du spørsmål til ei pågåande byggjesak, kan du sende ein e-post til postmottak@gulen.kommune.no og vise til saksnummer så svarar me deg så raskt som råd.

Skogplanting

Skogeigar har plikt til å plante skog att etter hogst. Mange tingar planter samtidig som ein avtaler hogst og hogstflatene vert tilplanta etter hogsten. Men av ulike grunnar er det fleire som ikkje gjer dette lovpålagte tiltaket.

Dette er ei påminning om at ein må tinge plantar så snart som råd er for planting til våren. Dei organisasjonane som omset tømmer, kan som regel hjelpe med planting. AT Skog har teke ut og tek imot tømmer frå vår kommune. Dei kan kontaktast for kjøp av plantar og eventuell utplanting. Gulen kommune gjev 50% tilskot til kjøp og utplanting.

Skal skogen bli bra, må ein gjere nokre tiltak medan plantane er relativt små. Det kan vere avstandsregulering i t.d. sitkabestand eller rydding av lauvskog i plantefeltet. Det er 50% tilskot til slikt arbeid. Ta kontakt med kommunen før ein startar arbeidet om ein vil søkje om tilskot.

Lurer du på noko rundt planting, stell av skog og hogst, ta kontakt med kommunen.

UKM lokalt blir arrangert i Dalsøyra samfunnshus den 18. mars

Påmeldinga er 15. februar til 15. mars. Det kjem meir informasjon på Gulen kommune sine sider etter kvart. Følg med!

Det er gratis å delta, og ungdom kan delta med det meste. Ein kan til dømes delta med song, band, litteratur, kunst, konferansier, dans, triksing, stand up, e-sport og mykje meir.

Ei ungdomsgruppe med unge arrangørar er med på å planlegge og gjennomføre mønstringa. På denne måten er UKM av og for ungdom.

Det er gratis og sjå på, og publikum er velkommen.

Ta gjerne kontakt med Kulturkonsulent Herold Kråkenes
Tel: 57782008/41009817



Kulturmidlar 2022

Lag og organisasjonar kan søkje kommunen om kulturmidlar. Søknadsfrist er 1. mars 2022.

Det er to ulike ordningar å søkje på, ein for ålment kulturarbeid, og eit for kulturmidlar for born og unge. Ein finn søknadsskjema på www.gulen.kommune.no under fana Kultur og aktivitet og vidare under tilskotsordningar. Der ligg det to skjema under Kulturmidlar, bruk riktig skjema for målgruppa/tiltaket.

Informasjon frå biblioteket

Opningstidene i 2022 er som før:

- Eivindvik: måndag 10.30-15.30 og torsdag 14.00-19.00
- Brekke: torsdag 17.00-20.00
- Byrknes: onsdag 15.00-20.00
- Dalsøyra: tysdag 16.00-19.00

Har du lånt bøker, filmar, lydbøker eller blad, med utgått forfallsdato, så oppmodar vi deg om å levere med det første – slik at andre kan få gleda av å lese, sjå eller høyre dette materialet.

Er du på leit etter ein ny hobby eller ny inspirasjon – så er du uansett velkommen innom !



Bilde: frå biblioteket i Eivindvik

Snakk med andre pårørende om demens

Nasjonalforeningen for folkehelsen har eit tilbod om å snakke med likeperson for pårørende til personar med demens. Dette er ein person som sjølv har erfaring som pårørende, og som har fått opplæring i det å vere likeperson. Alle som er likepersonar har teieplikt, og ein kan velje om ein vil ringe eller sende sms. På nasjonalforeningen sine heimesider kan ein finne kontaktinformasjon til likepersonar i heile landet, der det står oppført kva rolle dei har hatt som pårørende.



For å finne kontaktinformasjon kan ein sjå internettadresse nedanfor, eller søke «likeperson nasjonalforeningen» på internett. Hukommelsesteamet kan òg vere behjelpeleg å finne fram nummer til ein aktuell likeperson.

Kjelde:

<https://nasjonalforeningen.no/tilbud/demens-snakk-med-parorende/?c=&f=&e=>

Har du spørsmål om demens?

23 12 00 40
Demenslinjen

E-post: demenslinjen@nasjonalforeningen.no

Hukommelsesteamet i Gulen:
Brita Eidnes, tlf. 90 14 92 84 og Synnøve B. Giil, tlf. 91 10 41 88

Gulen kommune får digital medarbeidar



I løpet av februar får Gulen kommune ein digital medarbeidar som heiter Kommune-Kari. Kommune-Kari er ein chatbot som vil vere tilgjengeleg på kommunen si heimeside www.gulen.kommune.no og som app, som ein kan laste ned på telefonen.

Kommune-Kari blir aldri lei av å svare på spørsmål om kommunen sine oppgåver, søknadsfristar og opningstider. Ho gjev raske svar og er eit godt oppslagsverk. I tillegg jobbar ho døgnet rundt og er tilgjengeleg akkurat når du treng ho.

På kort tid har Kari blitt den mest populære chatboten i Noreg og er i dag tilsett på servicekontoret i over 100 kommunar.

Vi gler oss å til å ta i bruk Kommune-Kari, og håpa at innbyggjarar og andre i Gulen finn tenesta nyttig.

Tette kloakkpumper

Det er eit gjentakande problem at driftsoperatørane til kommunen finn vaskefiller i kloakkpumpene. Det fører til driftsstopp, og den aktuelle pumpa må demonterast før den kan setjast i drift att. Vær påpasseleg med kva du sender ned i avlaupet.

Sjå www.dovett.no for meir informasjon.



Mykje rører seg i Gulen frivilligsentral for tida 😊

I 2020/2021 søkte Gulen frivilligsentral fylke og Sparebankstiftinga om midlar til aktivitetstiltak for både yngre og godt voksne. Vi var heldige og fekk midlar! Midlane skal brukast på positive aktivitetstiltak for innbyggjarane i Gulen. Vi skal fortsette å søke for 2022 og vidareføre aktivitetane og vidareutvikle prosjekta vi har sett i gang.

BUA Gulen

Eit av prosjekta vi har jobba med i heile 2021 og skal vidareutvikle er BUA Gulen. Utlånssentral som alle i Gulen kan låne gratis fritidsutstyr heile året. BUA jobbar aktivt for å betre folkehelsa, reduserer forskjellar og senke dagens forbruk. Vi vil gjere det enklare for born og unge til å bli inspirert og prøve forskjellige aktivitetar utan å auke forbruk.

Det har tatt litt lenger tid enn det vi håpa, men no er Bua Gulen bygget klart på Dalsøyra. Med godt samarbeid med Kåre og resten av gjengen på eigendomsforvaltning og frivillige er vi i mål. Vi er klar for vintersesongen!

No er BUA på kartet. Ein går inn på www.bua.oi Lån utstyr adresse Dalsbygda 68. Klikk på trekant så finn ein BUA Gulen. Der kan de gå inn å sjå kva BUA Gulen har av utstyr og info om BUA Gulen. Det er og via bua.io ein registrerer seg som låntakar.

Følg oss gjerne på facebook- BUA Gulen, der vil vi legge ut informasjon. Vi håpar born, unge, voksne, familiar, barnehage/skule og lag og organisasjonar vil nytte seg av dette tilbudet. I starten vil vi ha opningstid torsdag 17:00-18:30.

Ta kontakt med Kristin K Rasch på telefon: 90 10 41 39 om det er spørsmål.





o.l. og få hjelp til det ein måtte lure på innan den digitaleverden. Sosialt er det og, der blir det servert kaffe og noko å bite i 😊



Byrknes har datakafe tilbod kvar onsdag frå kl 17-19 på Byrknes skule.

Ta kontakt med Jan Ove Einebærholm om det er spørsmål til datakafen.

I februar vil det bli datakafe tilbod torsdagar frå kl 13-14 på Vidsyn.

Ta kontakt med Turid Westervik om det er spørsmål.

Vi vil gjerne gi datakafe tilbod til andre stadar i kommunen. Ta kontakt med Gulen frivilligsentral /Kristin K Rasch om du kunne tenkt deg å vere med og skape eit datakafe tilbod i di bygd.



Aktivitetstilbod til heimebuande pensjonistar

Gulen frivilligsentral fekk og midlar til aktivitetstilbod til heimebuande pensjonistar.

Med dei smitteverntiltaka som var i vinter/vår 2021 var det vanskeleg å få gjennomført noko. I haust opna det seg moglegheit, så då bestilte vi sjølvaste Tore Halvorsen (tidlegare vokalist i Ole Ivars). Han hadde tredagars turne i Gulen. Han spelte på alle eldresentera i Gulen og sjukeheimen. Vi hadde og seniortreff på Skjerjehamn og Brekkestranda med transport og juletallerken. Tore likte seg godt, og sa han vart godt motteken i Gulen. Det han ikkje var så begeistra for var vegane våre 😊 Han ville gjerne kome igjen 😊

Datakafé

Vi fekk og tildelt midlar frå Vestland fylkeskommune for å styrke datakunnskapen til seniorane våre. Dette er eit viktig tema som vi skal jobbe vidare med i 2022.

Gulen har no to datakafé tilbod, der seniorane kan kome med mobil, nettbrett



Vi fekk og nytta midlane til å glede bebuarar på bu- og omsorgssentera og heimebuande eldre i førjulstida. Pga. smittesituasjonen vart midlane nytta litt forskjellig. Nokon av bu- og omsorgssentera nytta midlane til transport, nydeleg julemiddag og sosialt samvær på Skjerjehamn og Kritthuset.

Midlane vart og nytta til kjøp av nydelege snittar frå Tveita Gardsmat, som dei blide og flotte tilsette i heimetenesta frakta heim til dei heimebuande .

Aktiv på Dagtid gruppene fekk og midlar til å ha ei flott avslutning med si turgruppa for 2021, med god middag frå Tveita Gardsmat og Kritthuset.



Vi er takknemleg for desse midlane Vestland fylkeskommune lyser ut og som vi i Frivilligsentralen kan søke på, vi håpar det blir utlyst nye midlar i 2022 som vi kan få bruke på dei flotte seniorane våre i Gulen 😊